

Fra: Roar Sæbø[roar.sebo@knett.no]

Mottatt: 08.06.2026 10:53:49

Til: sveinerik.eide@knett.no[sveinerik.eide@knett.no]

Kopi: Post[post@kvinnherad.kommune.no]; oysaebo@hotmail.no[oysaebo@hotmail.no];

Tittel: Nabovarsel frå 196/1, oppsetting av Rubbhall.

Du får ikke ofte e-post fra roar.sebo@knett.no. [Finn ut hvorfor dette er viktig](#)

Svein Erik Eide.

Har motteke nytt kart om plassering av omsøkt Rubbhall, denne gong i «forståeleg» plassering. Sendinga mottok eg 02.06 (også denne gong) i ufrankert konvolutt i postkassen min og følgeskrivet var ikkje underteikna.

Du ber meg om å svare deg pr. mail, noko eg no gjer, det ville vore ein fordel om du gjorde det same.

Så til saka dette gjeld, men fyrst litt historikk.

Kring årsskifte selde eg 30m3 blandingsskog frå paselle 193/79 (som grensa til din eigedom). I den samanheng kom spørsmålet frå deg kor grensa gjekk mellom eigedomane. Du godtok ikkje nedsett grensestein m/kross men måla opp det du meinte var rett med GPS og denne synte så fleire m. avvik ned på min eigedom (193/79) noko eg naturlegvis ikkje kan godta.

Slik står saka slik eg forstår det i dag.

Av prinsipp godtar eg at naboane, og andre, må få setje opp dei bygg m.m. dei treng.

Det gjer eg også denne gongen, men grunna «historikken» med denne grensa på fylgjande villkår:

1. Eg godtar oppseting av omsøkt Rubbhall etter kommunal oppmåling og godkjenning (t.d Byggesaksavdelinga).

2. Kostnaden vert dekkja av søkar, Svein Erik Eide.

Med helsing

Roar Sæbø

(Eigar av 193/79 m.m.)